

---

**Fra:** Maren R [mailto:marenrognaldsen@hotmail.com]  
**Sendt:** 11. april 2014 23:10  
**Til:** Postmottak ASD; leder@nfoi.no  
**Emne:** Høyrings svar AU-reiser

Høring – Forskrift om arbeids- og utdanningsreiser (AU-reiser) for personer med nedsatt funksjonsevne – landsdekkende og permanent ordning (Dykkar ref 11/3520)

NFOI ønskjer med denne mailen å gje eit svar på høyrings saka om AU-reiser då dette rammar fleire av våre medlemmar.

NFOI ser at AU-ordninga de føreslår har positive sider.

NFOI ser det som positivt at samkøyring blir brukt i mindre grad då dette gjerne har medført uforutsett lang og tidkrevjande tur for brukaren.

NFOI ser det og som positivt at ein vil bevare ein fleksibilitet på den måten at ein kan bruke arbeidsreiser ved spesielle forhold som bil på verkstad, snøforhold, forbigåande helseproblem som gjer køyring vanskeleg osv.

Diverre er det og fleire punkt me reagerer negativt på ved dette høyringsforslaget:

Me reagerer på slutnaden om at grunnstønad skal bort. Dette fordi bil er ein stor kostnad, og for mange er det nok faktisk ein del kroner over det grunnstønad er i dag, då funksjonshemming gjer at ein må bruke verkstad til det aller meste som skal gjerast praktisk på bilen. Rett nok blir det betydeleg mindre pengar på bil dersom ein som oftast brukar AU-reiser til jobb. Men desse utgiftene til bil blir ikkje stort mindre for dei som brukar AU-reiser i blant. Til dømes når bil er på verkstad og når det er mykje snø. Dette kan vera snakk om kanskje 20-30 dagar i året. Det å miste grunnstønad pga AU-reiser desse dagane kan ramme den enkeltes økonomi i ganske stor grad.

Me stiller og spørsmål ved det faktum at det skal bli 25% dyrare fordi det er ein tur med eit høgare servicenivå enn kollektivtransport. Dette anser me som eit svakt argument, då ingen av TT-brukarane har TT fordi dei vil ha betre service, men fordi anna transport faktisk ikkje er mogeleg.

Me lurar og på om det er tenkt på kort hardt 25 % dyrare kan bli for til dømes dei som bur i Oslo og arbeider i Akershus og har ganske lang veg. Det latar til at det for alle kan bli nokså dyrt å bruke AU-reiser til jobb, og me stiller spørsmål ved at det blir betydeleg dyrare enn kollektivtransport. Då det trass alt skal vera funksjonshemma sitt alternativ til kollektivtransport.

Med forsvunnen grunnstønad og stor auking av kostnad ser me for oss at for dei som brukar AU-reiser nokså sjelden blir det ein så stor kostnad å bli med på ordninga at det vil vera klokare å avstå frå ordninga og rett og slett bruke tt-fritidsreisene på jobben. Me meiner dette er ein svært uheldig konsekvens, då dette vil ramme det sosiale livet brukarane har.

Oppsummert ser me det slik at forslaget ser ut til å skvise ut brukarar som ikkje treng tt dagleg, men som stort sett klarar seg sjølv til og frå jobb.

Kanskje er ikkje dette så mange brukarar, men det er likevel svært viktig at og denne gruppa blir ivareteken på ein god måte slik som i dag.

Me slit noko med å forstå kort-ordninga de referer til heilt konkret.

Me lurar på om det er slik at ein ringer det enkelte selskap eller ein sjåfør? Og har me ein garanti for at det er mogeleg å få reise når ein treng det? Og er det ein garanti at sjåførane er opplært i TT-transportering? Tryggleik på dette er viktig.

NFOI har og eit spørsmål om ordninga som ikkje er knytt til noko i dette høyringsforslaget, men som har blitt eit tema via brev.

Nokre av oss er bedt om å dokumentere adresse til vårt arbeid, då det i framtida berre skal kunna bestillast reise til denne addressa.

Me vil understreka at fleire av oss er på kurs og seminar o.l. i samband med arbeid og at det tidlegare har gått fint å då ha arbeidsreise til dagsaktuelle adresse. Me håpar dette og vil vera mogeleg i framtida, og utan at det medfører tilleggsbelastning med dokumentasjon.

Med venleg helsing

Maren Rognaldsen

på vegne av Norsk Forening for Osteogenesis imperfecta (NFOI)